

MANNEN MED MANGE MASKER



Tekst og foto:
Morten Hetland

ØYVIND PEDERSEN HAR MANGE HOBBYAR, OG EI BRENNANDE INTERESSE FOR MUSIKK OG TEATER. HEILT BLOTTA FOR FRITIDS-PROBLEM. HAR OFTE EIN SPØK PÅ LUR, OG ELSKAR Å FÅ ANDRE TIL Å SMILA, SJØLV OM LIVET IKKJE ALLTID HAR SMILT TIL HAN.

Dei aller fleste i Hjelmeland kjenner nok Øyvind best frå scenen på Hjelmeland Samfunnshus, der han spelar i både revyar og komediar. Han elsker å stå på scenen og underhalda, men det visste han lite om då han blei «lurt med» på si første revyøving for snautt 14 år sidan.

– Éin dag sa min dåverande arbeidsgjevar, Lise Hansson, at ei dame skulle koma og henta meg. Eg grubla fælt på kven det kunne vera, og kva planar dei hadde. Men så kom Edel Gausland, som eg kjende frå tida då eg arbeidde hjå NorStone, og me kjørte saman til Samfunnshuset, hugsar Øyvind.

Dei andre amatørskodespelarane på Samfunnshuset tok godt imot Øyvind, og nokre intense øvingsmånader seinare stod han på revyscenen for første gong. Dei mest merksame blant publikum la kanskje merke til den nye skodespelaren allereie under opningssongen til «Hotell VelNære» i mars 2001. Rett etter opningssongen gjekk Øyvind bak i garderoben for å kle seg til neste innslag:

– Eg skulle spela dåverande sokneprest Georg Reistad, og framføra ein tolv vers lang song som Bodil Bergøy hadde skrive. Medan eg stod bak scenen og venta på min tur, var pulsen på 270, og eg gjekk med hjartet i strupehovudet. Men det gjekk jo godt, og eg hugsar alle tolv versa, smiler Øyvind når han tenkjer tilbake på scene-debuten.

Nokre få innslag seinare kjem Øyvind inn på scenen som den eksentriske og homofile gardbrukarsonen «Ola», som har snike til seg garden medan søstera «Møyfrid» var oppteken med å skaffa seg seg landbruksutdanning.

– Jeg og Ludvig har tenkt å satse på blomster dyrking av blomster, ja, både tørkede og friske. Dyrene har vi kvittet oss med, for vi er begge vegetarianere, så jeg kan ikke forstå at noen orker å spise på døde dyr. Og så bygger vi om fjøset til konferansesenter, der Ludvig skal holde kurs i porselensmaling, seier Øyvind i rolla som «Ola», medan publikum ler av full hals. Og det er nettopp dette Øyvind elsker å gjera: Få publikum til å smila, le og humra. >





Men dei som kjenner Øyvind best, dei som kjenner han utanom livet på scenen, veit at livet hans ikkje alltid har vore ein dans på roser. Til tider har det faktisk vore blodig urettferdig.

Øyvind sette sine første fotspor på Buøy, rett utanfor Stavanger, som den yngste i ein søskenflokk på fire, med tre eldre søstre. Livet smilte til den nyfikne guten. Han hadde fått seg ny ransel, byrja i første klasse på Buøy skule, og var i full gang med å utforska verda, men så fekk han beskjeden om at mora var blitt alvorleg sjuk. Legane prøvde så godt dei kunne å gjera ho frisk igjen, men til slutt måtte ho gje tapt.

– Mor hadde nettopp vore på sjukehuset og operert, og då ho kom heim den kvelden var det mykje som sveiv rundt i hovudet mitt. Pappa var svært uroleg, og eg blei liggjande vaken utan å få sova. Men så blei det stilt.

Han tek ein pause før han fortel vidare:

– Eg forstod det kanskje ikkje heilt med det same, at mor hadde gått bort. Eg ville ikkje forstå at mor ikkje var der lenger, men at ho «var komen til ein annan plass», som tante sa. Løysinga mi blei å lukka meg inn i meg sjølv.

Faren til Øyvind blei òg sterkt prega av dødsfallet, og flytta inn på Lauvåsen Pleiehjem ved Ims. Øyvind måtte bryta opp røtene, for å bu hjå ei tante på Våland, og flytta vekk frå både barndomsheimen og klassekameratane.

Øyvind Pedersen

Alder: 56 år

Sivilstatus: Sambuar med Anne Lise Hetland, og har dottera Renate (20) frå eit tidlegare ekteskap.

Arbeidsplass: avdeling teknisk drift i Hjelmeland kommune

Bustad: Mæland i Vormedalen

Positive sider: – Eg er kreativ, får andre i godt humør og veit å setja pris på venner og familie.

Negative sider: – Eg kan til tider vera utålmodig, og eg slit med å bli engasjert viss noko ikkje interesserer meg. Eg er òg kronisk irritert på bubilturistar.

– Nei, det var ikkje så lengje eg fekk bu på Buøy, men eg har òg gode minne frå barndomsåra der. Dei gode minna tek eg vare på, men dei vonde vil eg helst gløyma, seier Øyvind tankefullt.

Øyvind blei buande hjå tanta si, sjølv om faren etter kvart flytta tilbake til Buøy, men Øyvind likte seg ikkje hjå tanta på Våland. Éin dag greidde han å overtala tanta til å ta med seg sjølv og den yngste søstera på besøk til faren på Buøy. Dei tok bussen til Stavanger sentrum, og følgde Buøy-ferja over til Buøy. Etter ein kort spasertur kom dei fram til barndomsheimen, der Øyvind hadde budd fram til han var sju år.

Dei gode minna tek eg vare på, men dei vonde vil eg helst gløyma.

– Me låste oss inn. Det var heilt stilt. Ingen lyd. Eg gjekk rundt i huset for å leita etter Pappa, og då eg kom inn på soverommet såg eg han i senga. Eg trudde at han låg og sov, men då eg prøvde å vekkja han, kjende eg at han var kald og stiv. Eg felte ingen tårer. Berre lukka meg inn i meg sjølv igjen. Pappa hadde svelgt eit glas med sovetablettar, og slutta livet på den måten. Avskjedsbrevet hans fekk eg lesa seinare, fortel Øyvind, og tek ein ny tenkjepause.

Han vedgår at det har vore tøft å bli foreldrelaus som gutunge; tøft å vita at faren og mora aldri ville koma tilbake.

Øyvind si eldste søster blei verje for han, då begge foreldra hadde gått bort, og han flytta inn saman med søstera og mannen hennar

– I løpet av barndommen kjende eg meg mange gonger som ein kasteball; ein som berre blei flytta frå hus til hus. Eg budde hjå dei medan eg fullførte grunnskulen på Kristianslyst og gjekk på industrirørleggjarskulen, men eg flytta for meg sjølv då eg byrja å jobba, fortel Øyvind.

– Korleis har du blitt prega av å mista begge foreldra dine i ung alder?

– Eg har vel klart meg godt, men det har vore tøft til tider. Eg har mellom anna slite med angst og dødsangst, men eg har fått hjelp av å gå til psykolog, fortel Øyvind, og understrekar at ein ikkje treng å vera galen og sprø for å gå til psykolog.

– Det gjer berre godt å få snakka ut om problema. Eg syns livet er godt, eg. Av og til kan nok eg òg vera sur og sint når noko går meg imot, slik som alle andre. Då er det uansett godt å ha eit støtteapparat med familie og gode venner rundt seg, legg Øyvind til.

56-åringen har lært seg å setja pris på det positive i livet, særleg det han føler at han meistarar:

– Eg har mange kjekke hobbyar, og interessa for teknikk, elektronikk og mekanikk gjer at eg alltid har ting og tang å putla og eksperimentera med. Eg har òg hatt mykje moro med å skrua saman eit fjernstyrt akebrett, ler han.

Øyvind har likt å skrua heilt sidan han var liten, tilbake på Buøy.

– Pappa gav meg eit elektrisk togsett til jul. Toget gjekk rundt og rundt på banen, men eg forstod ikkje korleis. Etter nokre dagar fann eg verktøy og demonterte toget, og då fann eg ut at det blei drive rundt av ein liten elektromotor med mange tannhjul... Men eg greidde aldri å skrua toget saman igjen, smiler Øyvind.

Interessa for teknikk, elektronikk og mekanikk gjer at eg alltid har ting og tang å putla og eksperimentera med.

Øyvind hugsar godt det første han greidde å fiksa: Platespelaren til søstera.

– Pappa prøvde å fiksa platespelaren, men han fekk det ikkje til. Då han var ute ein tur sneik eg meg inn der den låg, skrudde og fiksa litt, og så fekk eg den til å virka. Sidan den gongen har eg plukka mange ting frå kvarandre, og skrudd det saman igjen. Det eg ikkje får til med det første, legg eg vekk ei stund, og prøver igjen seinare. >

Dei tekniske kunnskapane har Øyvind hatt stor nytte av i jobben i teknisk drift i Hjelmeland kommune, der han har arbeidd sidan 2006.

– Eg trivst veldig godt i jobben, og føler at eg blir godt motteken. Arbeidsoppgåvene er svært varierte, og det verkar som folk er fornøgde med jobben me gjer, seier Øyvind stolt.

Når Øyvind og kollegaene hans reiser rundt på dei kommunale bygningane, for å gjera ulike vaktmeisteroppgåver, skjer det rett som det er at han slår av ein spøk, eller fjollar og tullar, for å få andre i godt humør. Øyvind syns det er ein veldig kjekk bonus i kvardagen å få andre til å smila, og særleg likar han når borna kringom på skulane ropar «No kjem han løgne!».

– Eg er ikkje redd for å drita meg ut. Folk kjenner meg, og veit at eg berre er slik. Eg er komen slik inn i teaterverda at eg gler meg til å stå på scenen kvar gong det er ny revy på gang, fortel han.

Som nemnt, var revyen «Hotell Vel-Nære» i 2001 det store teatergjennombrøtet for Øyvind, men han lét det ikkje

gå lang tid mellom kvar gong han stod på scenen. Allereie året etterpå spelte han i kabareten om Alf Prøysen, «Han Alf», og i 2003 spelte han i komedien «Flammedanserinnen». Vidare var Øyvind å sjå i jubileumsrevyen «Rimirolse» i 2004, alle dei fire episodane i komedien «Dei 4 tiåra», som blei spelt våren 2005, komedien «Det er min vår i haust» i 2006, kabareten «Mann 007» i 2007, barneteaterstykket «Sirkus Mikkelikski» i 2007, revyen «Maga-laust!» i 2009, og dei tre folkekomediane «Misunnelse og uvennskap» (2008), «Bryllaup og uvennskap» (2010) og «Barneskrik og uvennskap» (2011). Dei to siste teaterframføringane Øyvind har spelt i, er revyane «Kjekt å ha» i 2011 og «Feiande flott!» i april 2014. Når ein kikkar på plakataner som heng i foajéen på Hjelmeland Samfunnshus, finn ein raskt ut at Øyvind, med berre nokre få unntak, har spelt i alle framføringane til Hjelmeland Samfunnshus og Teaterlag dei siste tretten åra. Han har endåtil vore med i det same teaterlaget si oppsetjing av «Førrespelet», om

Sigbjørn Obstfelder si vandring til Nilsebu i 1903, då det blei spelt i Førrebotn i 2003 og i Hjelmelandsvågen i 2006.

– Når ein er med i eit teaterlag, tenkjer ein sjølv sagt over all tida som går med. Av og til blir eg dritlei av all øvinga, og eg blir ikkje akkurat yngre med åra heller. Ein gong sa eg at «No er det den siste gongen eg er med», men då svarte berre Anne Lise, sambuaren min, at det sa eg i fjor òg. Så tenkjer eg «Skit, la gå», og kastar meg ut i det, og så endar eg berre opp med å alltid ynskja meg fleire roller og sketsjar enn det eg har fått tildelt. Når eg i tillegg får så gode tilbakemeldingar og oppmodingar om at eg ikkje må slutta, så kjem eg til å halda på – i alle fall så lenge helsa held, og eg ikkje får fleire grå hår, seier Øyvind spøkjefullt, og legg til at livet som amatørskodespelar har vore både innhaldsrikt og kjekt.

– Eg har fått ein ny familie i Teaterlaget, og sjølv om det tek mykje tid, tenkjer eg: Det er mykje ein gjer for å gleda folket, avsluttar Øyvind Pedersen. No smiler livet til han igjen.



SCENEVAND: Øyvind sin scenedebut var i rolla som dåverande sokneprest Georg Reistad i revyen «Hotell Vel-Nære» i 2001. (Foto: Bygdaposten for Hjelmeland)



VARIERT ARBEID: Dei siste åtte åra har Øyvind arbeidd i teknisk seksjon i Hjelmeland kommune. Som sjølvverklært handyman likar han å ha varierte arbeidsoppgåver.



TEKNISK OG NEVENYTTIG: Øyvind er interessert i elektronikk og mekanikk, og elsker å kunna bruka nevane til å laga nye ting eller reparera øydelagde ting.